



Saksmappe: 2020/273
Sakshandsamar: SLS
Dato: 23.02.2022

SAKSFRAMLEGG

| Utv.saksnr | Utvalg | Møtedato |
|------------|---|------------|
| 6/22 | Styringsgruppa for kommuneplanen sin arealdel | 29.03.2022 |

Kommuneplanen sin arealdel - siling av innspel

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Styringsgruppa for kommuneplanen sin arealdel gjev tilslutning til kommunedirektøren si anbefaling om kva for arealinnspel det er behov for ytterlegare kunnskap for å ta stilling til om dei skal bli anbefalt innarbeidd i planforslaget eller ikkje.
2. Styringsgruppa for kommuneplanen sin arealdel gjev tilslutning til kommunedirektøren si anbefaling om kva for arealinnspel som skal bli silt bort og ikkje bli utgreidd i det vidare planarbeidet.

SAKSUTGREIING

Samandrag/ konklusjon

Saka omhandlar sortering av innspela som har kome inn i samband med revidering av kommuneplanen sin arealdel. Innspela er vurdert opp mot kommuneplanen sin samfunnsdel inkl overordna arealstrategi, vedteke 14.05.20. Innspel som høyrer heime i andre planprosessar eller prosjekt blir overført til desse, og silt ut av det vidare arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

I samband med planarbeidet har innbyggjarar og andre rørte partar blitt invitert til å kome med innspel til ny eller endra arealbruk. Det kom inn ca 60 innspel til planarbeidet. Eitt innspel kom inn etter fristen, men er likevel vurdert.

Oppsummering og vurdering av innspela følgjer som vedlegg til saka. Under administrasjonen sine vurderingar går det fram kva for innspel som er anbefalt silt bort nå, og kva for innspel det er behov for ytterlegare kunnskap for å ta stilling til om dei skal bli anbefalt innarbeidd i planforslaget eller ikkje.

Bakgrunn for saka

Kommunestyret vedtok 27.02.19 oppstart av revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. Planprogrammet for revideringa vart vedteke av kommunestyret 29.05.19. Jf. planprogrammet er planprosessen delt i to der samfunnsdelen blir vedteke først. Samfunnsdelen legg føringar for utarbeiding av arealdelen. Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteke 14.05.20.

Gjeldande planstrategi, vedteke av kommunestyret 21.12.20, stadfestar pågåande revidering av kommuneplanen sin arealdel.

Formelt grunnlag

Plan og bygningslova §11-5.

Kommunal planstrategi 2020-2024, vedteke 21.12.20.

Planprogram for kommuneplan for Bygland 2021-2033, vedteke 29.05.19.

Vurderingar og konsekvensar

Saka omhandlar sortering av innspela som har kome inn i samband med revidering av kommuneplanen sin arealdel. Innspela er vurdert opp mot kommuneplanen sin samfunnsdel inkl overordna arealstrategi, vedteke 14.05.20. Overordna arealstrategi er bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen, og skal angi hovudprinsipp for den langsiktige arealbruken og arealforvaltninga. Arealstrategien skal leggest til grunn for revisjon av kommuneplanen sin arealdel, og skal gi føringar for plan- og byggesakshandsaminga i kommunen.

Samfunnsdelen sin overordna arealstrategi

- Tilrettelegging for ein aktiv kvardag gjennom å bevare grøntområde, legge til rette for friluftsliv og sikre gode aktivitetsarenaer for menneske i ulike livssituasjonar/-fasar.
- Spesielt i strandsona er det viktig å vektlegge natur- og kulturmiljø, anledning for friluftsliv, bevaring av landskap og vassdragsmiljø, samstundes som bygder og grendelag får utviklingsmoglegheiter.
- Etablere og utvikle uformelle møteplassar og lågterskel-tilbod som nærmiljøanlegg og leikeplassar, spesielt for born og unge.
- Setje fokus på å bevare og utvikle Bygland kommune sin historie og kulturarv.
- Utvikle to sentra, Bygland og Byglandsfjord, og støtte opp om initiativ i bygdelaga.
- Legge til rette for ein variert landbruks-struktur med små og større bruk. Beite- og utmarksressursane skal kunne utnyttast også i framtida.
- Skape attraktive sentrumsområde for innbyggjarar, tilreisande og næringsdrivande innanfor handel og service gjennom å legge til rette for aktivitet i eksisterande bygningsmasse, attraktivitet, trivsel og miljøomsyn.
- Sikre tilgang til attraktive næringsareal og kontorlokale for leige og sal. Nye utbyggingsareal skal i størst mogleg grad lokalisert til eksisterande tettstadar og bygder, og vere med på å styrke eksisterande infrastruktur og sosialt miljø.

- Ved planlegging av nye bustadområde eller anna utbyggingsareal, skal det leggest til rette for miljøvennleg transport, og tilgang på gang-, sykkelveg og trygg skuleveg.
- Framtidig arealplanlegging må ha fokus på samfunnstryggleik og ta høgde for faktorar som auka flaum og skredfare, hyppigare ekstremver, samt auka klimapåverknad på bygg og infrastruktur.
- Arealplanlegginga skal legge til rette for eit minimum av dispensasjonssaker og følgje ønska samfunnsutvikling og vere tilpassa denne.

I samband med planarbeidet har innbyggjarar og andre rørte partar blitt invitert til å kome med innspel til ny eller endra arealbruk. Fristen for innspel var sett til 01.11.21. Det er utarbeidd ein innspelsrettleiar, vedteke av styringsgruppa 27.10.20, som inneheld informasjon om kva innspelet må innehalde og prinsipp for vurdering av innspela. Det kom inn ca 60 innspel til planarbeidet. Eitt innspel kom inn etter fristen, men er likevel vurdert.

Oppsummering og vurdering av innspela følgjer som vedlegg til saka. Under administrasjonen sine vurderingar går det fram kva for innspel som er anbefalt silt bort nå, og kva for innspel det er behov for ytterlegare kunnskap om for å ta stilling til om dei skal bli anbefalt innarbeidd i planforslaget eller ikkje.

Administrasjonen har vurdert innspela opp mot kommuneplanen sin samfunnsdel inkl overordna arealstrategi, vedteke 14.05.20. Innspel som høyrer heime i andre planprosessar eller prosjekt blir overført til desse, og silt ut av det vidare arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Dok. nr. syner til dokumentnummer i saksarkivet sak 20/273.

Kommunedirektøren anbefaler at følgjande innspel blir vurdert ytterlegare i planarbeidet:

Bustadområde

- Dok 98 Bustadområde Sandnes
- Dok 91 Bustadområde Lauvdal
- Dok 87 Bustadområde Grendi
- Dok 49/50 Bustadområde Grendi

Fritidsbustadområde, båtplassar, parkering

- Dok 91 Fritidsbustadområde og brygge Lauvdal
- Dok 89 Fritidsbustadområde Hovatn
- Dok 70 Fritidsbustadområde Langeli (Haugetveit)
- Dok 65 Fritidsbustadområde og brygge/båthus Sjøjordet (Strondelene)
- Dok 59 Fritidsbustadområde Grendisheia
- Dok 51 Fritidsbustadområde Kattetjønn (Langeid)
- Dok 47 Offentleg båthamn Grendi
- Dok 33 Fritidsbustadområde Fisstøyl, Reiårsvatn
- Dok 31 LNF spreidd fritidsbustad/fritidsbustadområde Hovatn

- Dok 28 Område for parkering Haugetveit
- Dok 22 Fritidsbustadområde Rakkenes

Næringsområde m.m.

- Dok 85 Område for flytande hytter Gasnes (Strondelene)
- Dok 84 Område for tretopphytter, Nånes (Strondelene)
- Dok 68 Atelier for utleige/eige bruk Bø
- Dok 66 To zipliner Mele, Strengen (Strondelene)
- Dok 64 Område for flytande hytter Nånes (Strondelene)
- Dok 40 Næringsområde (ikkje bustadområde) Nesmoen
- Dok 29 Næringsområde Bygland
- Dok 26 Næringsområde Nånes
- Dok 11 Næringsområde (utleigehytter) Longeraksstrondi

Kraftproduksjon

- Dok 82 Område for solkraftanlegg Lyngnes
- Dok 81 Tredje løp for flaumsikring og vasskraftproduksjon Storestraumen
- Dok 80 Område for solkraftanlegg Skjevraak
- Dok 71/77 Tilsigsmagasin for småskala vasskraft Gytjønn
- Dok 67 Område for vasskraftverk Sandvatn
- Dok 57 Område for vasskraftverk Haugefossen i Kvålsåna
- Dok 37 Tredje løp for flaumsikring og vasskraftproduksjon Storestraumen

Masseuttak

- Dok 90 Område for masseuttak Bjånes og Ellingstjønn
- Dok 88 Område for masseuttak Hovatn
- Dok 78 Område for masseuttak Budalen
- Dok 63 Område for masseuttak Hækni
- Dok 44 Område for masseuttak Langeid
- Dok 42 Område for masseuttak Haugetveit og Vikli
- Dok 36 Område for masseuttak Sordal
- Dok 18 Område for masseuttak Grendi

Grøntområde, gang- og sykkelveg m.m.

- Dok 86 Klatreområde Storestraumen og Ellingstjønn
- Dok 47 G/S-veg Grendi – Byglandsfjord
- Dok 2 G/S-veg Bygland-Nesmoen, G/S-veg Ose-Reiårsfossen bru

Endring av føresegner

- Dok 58 Endring av føresegn knytt til etablering hytter og liknande i LNF-område

Kommunedirektøren anbefaler at følgjande innspel blir silt bort:

- Dok 93 Fritidsbustadomr., småbåtanlegg, tursti, friluftsomr., parkering Austadneset
- Dok 83/79 Område for vindkraftanlegg Lauvdalsheia
- Dok 76 Endring av føresegn knytt til vindkraftutbygging

- Dok 75 Djupneprofilering av Storestraumen
- Dok 74 Utvikling av Presteneset
- Dok 69 Område for vindkraftanlegg Urdeheii
- Dok 62 Landbruksveg Gyskogen
- Dok 60 Plankart/temakart over kulturminne
- Dok 56 Utvikling av Presteneset
- Dok 55 Fritidsbustadområde Grøestjønnin (Eksæ)
- Dok 54 Leikeplass/samlingsstad Presteneset/Bygland sentrum
- Dok 53 Endring av føresegn knytt til oppføring av anneks, garasje o.l.
- Dok 52 Flytting av DNT-hytta Josephsbu
- Dok 46/24 LNF spreidd fritidsbustad/fritidsbustadområde og endring av føresegn
- Dok 39 Bustadområde og friområde Nesmoen
- Dok 38 Endring av formål til fritidsbustad/bustad/næring
- Dok 34 Bustadområde Åraksbø
- Dok 15 Område for båthamn/brygge Bø
- Dok 8 Uendra byggehøgder i Åraksfjorden og sommarreguleringshøgde
- Dok 2 Retardasjonsfelt Nesmoen, sanitæralegg Reiårsfossen, badeplass Gullsand

Etter ei fagleg vurdering av konsekvensar for natur, miljø og samfunn, vil det bli teke stilling til om innspela som ikkje er silt bort, heilt eller delvis skal bli innarbeidd i planforslaget.

Metodikk og temainndeling for konsekvensutgreiing vart vedteke av styringsgruppa 14.12.21.

Innspelsrettleiaren sine prinsipp for vurdering av innspel vil også bli nytta i arbeidet.

Bygland, **09.03.2022**

Kommunedirektør

Vedlegg:

- 1 Kommuneplanen sin arealdel - siling av innspel
- 2 Kplan arealkart innspel
- 3 Innspelrettleiar KPA

Oppsummering av innspel til arealdelen med vurdering

Innspel som er anbefalt silt bort, er markert

| Dok. nr. Avsendar | Gbnr Innspel til planarbeidet | Administrasjonen sine vurderingar |
|---|--|--|
| 98 Olav K. Sandnes og Gro Tove Sandnes | 32/4, Sandnes <i>Innspelet kom etter fristen, men blir vurdert i planarbeidet.</i> Innspel om at 2 stk bustadtomter blir vidareført frå strandsonenplanen til kommuneplanen. Teigen er 10 daa. Innspelet vart også vurdert i arbeidet med strandsonenplanen, vedteke i 2016. Innspelet vart ikkje imøtekome. Området har formål LNF og består delvis av dyrka mark (ca 3,5 daa). | Med bakgrunn i arealstrategien sitt kulepunkt 2, så ligg det til rette for ei nærare vurdering av innspelet. Vurdere LNF spreidd busetnad. Tiltaket utfordrar noko jordvernet og ønskje om grøn mobiltet. <u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet |
| 93 Knut Gakkestad og Dagfinn Borgi | 13/5 og 13/15, Austadneset Utvikling av området der formål som fritidsbustad, småbåtanlegg, turstiar, friluftsområde og parkeringsareal er aktuelle. | Innspelet er innanfor planavgrensinga til regplan for Ose bygdesenter og blir teke omsyn til i det arbeidet. <u>Anbefaling</u> Innspelet blir silt bort og blir ikkje greidd ut ytterlegare i det vidare planarbeidet. |
| 91 Annlaug L. og Steinar Jacobsen | 52/3, Øynesodden og Odden Innspelet er lokalisert til to oddar sør for Lauvdal. Nærast Lauvdal ligg Odden og der er det spela inn 1-2 bustadar/fritidsbustad og brygge (8 daa). På Øynesodden, som ligg sør for Odden, er det spela inn detaljregulering av 8-10 nye fritidsbustadar (37 daa). I strandsonenplanen, KDP13 Lauvdal sør, er Odden avsett som bustadområde og Øynesodden er avsett som LNF-område. | Med bakgrunn i arealstrategien sitt kulepunkt 2, så ligg det til rette for ei nærare vurdering av innspelet. Vurdere LNF spreidd busetnad. <u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet. |
| 90 Grunde Kvåle | 36/1, Bjånes og Ellingstjønn Begge områda er eksisterande masseuttak. Det er spela inn ei utviding av begge områda. Forslagsstillar vil utarbeide detaljplan for Bjånes (10 daa). Masseuttaket på Ellingstjønn er også foreslått brukt som massedeponi (12 daa). Bjånes ligg med formål massetak i gjeldande kommuneplan, og Ellingstjønn ligg som LNF-område. | Bygland kommunen er rik på mineralressursar. I kommuneplanen sin arealdel ynskjer vi å leggje til rette for langsiktig, forsvarleg og berekraftig ressurstilgang av massar i kommunen til ulike formål. Området er allereie nytta som massetak. <u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet. |
| 89 Knut P. Sandnes og Tor-Inge Sandnes | 33/3, Hovatn Innspelet gjeld utviding av hytteområde som ligg i gjeldande kommuneplan (1292 daa). Heile området vart spela inn til gjeldande kommuneplan, men området vart avgrensa til arealet som ligg i planen. Det er også spela inn mogleg etablering av eit mindre skitrek i området. Området er i dag LNF-område. | Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar. Området ligg i stor grad innanfor heiplanen og villreinen sitt leveområde. Det ligg spreidd fritidsbustadar i nærleiken av området. Ei fortetting vil leggje til rette for auka motorferdsel i utmark vinterstid dersom vegen ikkje blir vinterbrøyta. Innspelet har ikkje løysing i høve vinterparkering nede på Haugetveit. Det er ikkje skissert noko ca tal på nye hytter, og innspelet gir litt lite informasjon jf dei opplysningar ein treng i høve innspelsrettleiaren. Området er frå før noko utbygd og |

Oppsummering av innspel til arealdelen med vurdering

Innspel som er anbefalt silt bort, er markert

| Dok. nr. Avsendar | Gbnr Innspel til planarbeidet | Administrasjonen sine vurderingar |
|----------------------------|--|--|
| | | eksisterande plangrunnlag er forelda. Det hadde vore ein fordel at ny reguleringsplan hadde blitt utarbeidd også utifrå dagens situasjon. <u>Anbefaling</u> Innspelet blir teke med vidare i planarbeidet. |
| 88 Knut P. Sandnes | 33/3, Hovatn (Klyvslia) Området er eksisterande masseuttak. Det er spela inn ei utviding av området. Området er i gjeldande kommuneplan avsett til fritidsbustadområde. | Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar. Bygland kommunen er rik på mineralressursar. I kommuneplanen sin arealdel ynskjer vi å leggje til rette for langsiktig, forsvarleg og berekraftig ressurstilgang av massar i kommunen til ulike formål. Området er allereie nytta som massetak. Massetaket må bli sett i samanheng med utvikling av hytteområdet på eigedomen. <u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet. |
| 87 Cay Normann Hovstad | 57/1, Grendi Innspel om bustadområde med 4-6 einingar inkl garasjebygg (2 daa). Området ligg i strandsoneplanen, KDP9 Grendi, som bustadområde. | Med bakgrunn i arealstrategien sitt kulepunkt 2, så ligg det til rette for ei nærare vurdering av innspelet. Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: To sentra og levande bygdelag. Fleire har tilgang på bustad og bumiljø tilpassa livssituasjonen sin. <u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet. |
| 86 Knut William Bygland | 36/1 og 36/2, Storestraumen og Ellingstjønn Innspel om klatreområde m. sti og parkering. Det er søkt om vern av skog i det same området, og grunneigar ønskjer ikkje at klatreområdet ikkje må kome i konflikt med eventuelt vern. Området er LNF-område i gjeldande kommuneplan. | Området blir nytta til klatring i dag. Med bakgrunn i arealstrategien sitt kulepunkt 1, så ligg det til rette for ei nærare vurdering av innspelet. Etablering av sti bør bli vurdert i arbeidet med sti- og løypeplanen. <u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet. |
| 85 Geir Skjevraak | 49/3 og 49/5, Gasnes, Strondelene Innspel om plassering av flytande hytter for utleige (3x0,5 daa). Området er LNF-område i sjø og vassdrag i gjeldande kommuneplan. | Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar. Innspelet skisserer ikkje areal på land i høve drift og service. VA , parkering og tilkomst/bryggje. <u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet. |

Oppsummering av innspel til arealdelen med vurdering

Innspel som er anbefalt silt bort, er markert

| Dok. nr. Avsendar | Gbnr Innspel til planarbeidet | Administrasjonen sine vurderingar |
|--|--|--|
| 84 Olav Skeie | 50/1 Nånes, Strondelene Innspel om å avsette område til tretopphytter (4 daa). Området er LNF-område i gjeldande kommuneplan. | Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar. Tiltaket ligg utfordrande til i høve vintertilkomst/motorferdsel i utmark. Tilkomst sommar er også utfordrande. Dette med tanke på bygging, drift og vedlikehald. <u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet. |
| 83/79 Even Simensen/ Lauvdalsheia grunneigarlag | 45/1, 45/9, 46/1-4, 47/26, 52/1, 52/3, 53/1, 53/5, Lauvdalsheia Innspel om å avsette område til vindkraftanlegg (41 000 daa). Området er LNF-område i gjeldande kommuneplan. Nordre del av området ligg i Heiplanen si bygdeutviklingssone. | Status og utfordringsbiletet i kommuneplanen sin samfunnsdel seier: Fornybar energi skal ikkje vere vindkraft produsert i Bygland kommune. Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar. Kommuneplanen sin samfunnsdel skisserer også behovet for å støtte opp om effektiv energibruk. Regionplan Agder 2030 sitt hovudmål er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig region – eit attraktivt lågutsleppssamfunn med gode levekår. Globalt og nasjonalt er det ei gryande energikrise på gang, noko som kan utfordre lokale målsettingar. <u>Anbefaling</u> Innspelet blir silt bort og blir ikkje greidd ut ytterlegare i det vidare planarbeidet. |
| 82 Roar Støbet Lande | 51/5 Lyngnes Innspel om etablering av solkraftanlegg (120 daa). Området er LNF-område i gjeldande kommuneplan. | Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar. Globalt og nasjonalt er det ei gryande energikrise på gang. Det er viktig å vurdere moglegheiter for alternative energikjelder. <u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet. |
| 81 Jørund Kvaale Hansen | 36/2 Storestraumen (Deknekanalen) Innspel om etablering av eit tredje løp for flaumsikring og vasskraftproduksjon. Området er grøntområde og friluftsområde i reguleringsplan for Storestraumen, planid 199801. | Med bakgrunn i arealstrategien sitt kulepunkt 10, så ligg det til rette for ei nærare vurdering av innspelet. Planlagt utløp i sør endar ca 500 meter frå hovudvassinntaket til Bygland vassverk. Det er allereie utfordringar med vasskvaliteten til anlegget. Deknekanalen vil gi endra strømningsforhold i Urdeviki, og vil kunne påverke vasskvaliteten negativt med tanke på partikkelinnhald og fargetal. Det må blir prioritert å ta omsyn til drikkevasskjelda for Byglandsbygda. I dette perspektivet er det ikkje ønskjeleg å etablere kanalen. |

Oppsummering av innspel til arealdelen med vurdering

Innspel som er anbefalt silt bort, er markert

| Dok. nr. Avsendar | Gbnr Innspel til planarbeidet | Administrasjonen sine vurderingar |
|------------------------------------|---|---|
| | | <p>Optimalt for vassverksdrifta burde nedslagsfeltet til inntaksområdet blitt klausulert for terrengtiltak.</p> <p>Tiltaket vil mykje sannsynleg ha ein positiv effekt på flaumsonehøgden i Åraksfjorden.</p> <p>Pågåande reguleringsplanarbeid ved Storstraumen i regi av Statens Vegvesen har fått innspel om det tredje løpet under rv9 ved sluseanlegget.</p> <p><u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet.</p> |
| 80 Geir Skjevraak | 49/3, Skjevraak Innspel om etablering av solkraftanlegg (3x50 daa). Området er LNF-område i gjeldande kommuneplan. | <p>Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar.</p> <p>Globalt og nasjonalt er det ei gryande energikrise på gang. Det er viktig å vurdere moglegheiter for alternative energikjelder.</p> <p><u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet.</p> |
| 78 Knut Sigurd Haugå | 39/3, Budalen Innspel om massetak. Området er eksisterande massetak (5 daa). Området ligg delvis i LNF-område og delvis i område for fritidsbusetnad i gjeldande kommuneplan. | <p>Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar.</p> <p>Bygland kommunen er rik på mineralressursar. I kommuneplanen sin arealdel ynskjer vi å leggje til rette for langsiktig, forsvarleg og berekraftig ressurstilgang av massar i kommunen til ulike formål. Området er allereie nytta som massetak.</p> <p><u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet.</p> |
| 76 Nei til vindkraft i Setesdal | Innspel om endring i føresegnene. Syner til hovudsatsningsområde «Attraktive og livskraftige sentra og bygdelag» sitt framtidsbilete. Ønskjer at det skal kome tydeleg fram i føresegnene at Bygland seier nei til all vindkraftutbygging i kommunen. | <p><i>Ikkje markert i kart.</i></p> <p>Globalt og nasjonalt er det ei gryande energikrise på gang. Det er viktig å vurdere moglegheiter for alternative energikjelder.</p> <p>Føresegnene skal gi dei skriftlege rammene for arealutnyttinga. Kommuneplanen sin samfunnsdel legg føringar for arealutnyttinga og føresegnene. Ein ser ikkje at det vil vere hensiktsmessig å lage spesifikke setningar som synleggjer "forbod" mot vindkraft i heile kommunen. Dette kan gi presedens for andre ikkje ønskjelege interesser/tiltak i kommunen.</p> <p><u>Anbefaling</u> Innspelet blir silt bort og blir ikkje greidd ut ytterlegare i det vidare planarbeidet.</p> |

Oppsummering av innspel til arealdelen med vurdering

Innspel som er anbefalt silt bort, er markert

| Dok. nr. Avsender | Gbnr Innspel til planarbeidet | Administrasjonen sine vurderingar |
|--|---|---|
| 75 Knut William Bygland | Innspel om djupneprofilering av Storestraumen med full hydraulisk modell. Føresegn gjeldande sommarvasstand i fjorden. | <i>Ikkje markert i kart</i> Det skal bli gjennomført flaumsonekartlegging i Åraksfjorden og Byglandsfjorden inkl. Storestraumen i samband med revidering av kommuneplanen sin arealdel. Ønska sommarvasstand er spela inn i revideringa av konsesjonsvilkåra for reguleringar i Otravassdraget. <u>Anbefaling</u> Innspelet blir silt bort her, men er ivareteke gjennom andre prosessar. |
| 74 Nina Bygland | Innspel med forslag til utvikling av Presteneset. Skissa syner forslag til bruk av området. | <i>Ikkje markert i kart</i> Innspelet er innanfor planavgrensinga til regplan for Presteneset og blir teke omsyn til i prosjektet Gnist innovasjonsprosjekt for Bygland sentrum. <u>Anbefaling</u> Innspelet blir silt bort og blir ikkje greidd ut ytterlegare i det vidare planarbeidet. |
| 71/77 Olav Skeie | 49/4, Gytjønn Innspel om etablering av tilsigsmagasin for småskala vasskraft. | Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar. Globalt og nasjonalt er det ei gryande energikrise på gang. Det er viktig å vurdere moglegheiter for alternative energikjelder. <u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet. |
| 70 Sigbjørn Sandnes | 32/1, Langeli, Haugetveit Innspel om vidareføre område avsett til framtidige fritidsbustader i gjeldande kommuneplan (127 daa). Området ligg i Heiplanen si bygdeutviklingssone. Området ligg nærme Årdalsvegen og ca 5 km frå Åraksbø. | Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar. Området ligg nærme bilveg og vinterparkering. <u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet. |
| 69 Jørund Kvaale Hansen/Grunneigarlag et Urdehei Energi | 25/2, 28/5, 29/1, 29/2, 32/1, 36/2, 37/1, 37/5, 39/3, 42/1, 43/1, Urdeheii Innspel om å avsette område til vindkraftanlegg (16 000 daa). Området er LNF-område i gjeldande kommuneplan, men ein stor del av nordre del av området ligg i verneplanen for Tovdalsvassdraget. Området ligg i Heiplanen si bygdeutviklingssone. | Status og utfordringsbiletet i kommuneplanen sin samfunnsdel seier: Fornybar energi skal ikkje vere vindkraft produsert i Bygland kommune. Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar. Kommuneplanen sin samfunnsdel skisserer også behovet for å støtte opp om effektiv energibruk. Regionplan Agder 2030 sitt hovudmål er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig region – eit attraktivt lågutsleppssamfunn med gode levekår. |

Oppsummering av innspel til arealdelen med vurdering

Innspel som er anbefalt silt bort, er markert

| Dok. nr. Avsendar | Gbnr Innspel til planarbeidet | Administrasjonen sine vurderingar |
|----------------------|---|---|
| | | <p>Globalt og nasjonalt er det ei gryande energikrise på gang, noko som kan utfordre lokale målsettingar.</p> <p><u>Anbefaling</u> Innspelet blir silt bort og blir ikkje greidd ut ytterlegare i det vidare planarbeidet.</p> |
| 68 Arne Revheim | 66/2, Bø Etablering av atelier for utleige til kunstnarar og til eige bruk (6 daa). Området er LNF-område i strandsoneplanen, KDP11 Horverak/Bø. | <p>Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Fleire robuste små og mellomstore bedrifter er etablert.</p> <p><u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet.</p> |
| 67 Bergtor Haugaa | 43/1, Sandvatn Etablering av vasskraftverk. Området er delvis LNF-område og delvis framtidig fritidsbustadområde i tillegg til at det ligg som framtidig vasskraftverk i gjeldande kommuneplan. Altså ei vidareføring frå gjeldande plan. | <p>Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar.</p> <p>Kommuneplanen sin samfunnsdel skisserer også behovet for å støtte opp om effektiv energibruk. Regionplan Agder 2030 sitt hovudmål er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig region – eit attraktivt lågutsleppsfunn med gode levekår. Globalt og nasjonalt er det ei gryande energikrise på gang, noko som kan utfordre lokale målsettingar.</p> <p>NVE har gjort vedtak på at tiltaket er konsesjonspliktig.</p> <p><u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet.</p> |
| 66 Olav Skeie | 50/1, Mele, Strengen Innspel om etablering av to zipliner, ei for born (40m) og ei for vaksne (200m). Riggplass (200m ²) på startpunktet ved eksisterande rundkøyring og endepunkt (50m ²) for kvar av linene. 1100m trase for ATV (tilkomst born, returrute vaksne og naudsituasjonar). Området er LNF-område i gjeldande kommuneplan. Området ligg delvis i aktsemdssone for snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred. | <p>Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar.</p> <p>Avsendar har også spela inn areal for tretopphytter i nærleiken av dette tiltaket. Det vil vere tilrådeleg at det blir utarbeida ein samla reguleringsplan som tek omsyn til alle momenta eit område for turisme/aktivitetar bør innehalde.</p> <p><u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet.</p> |
| 65 Vidar Frøysnes | 48/2, Sjøjordet, Strondelene Innspel om fritidsbustader og brygge/båthus (18 daa). I strandsoneplanen, KPD21 Strondelene, er området avsett til tenesteyting og brygge/båtplass. Innspel om at BK gjennomfører utgreiing av skredfare nedanfor alle off. vegar. | <p>Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar.</p> <p>Området ligg nærme offentleg veg.</p> <p><u>Anbefaling</u></p> |

Oppsummering av innspel til arealdelen med vurdering

Innspel som er anbefalt silt bort, er markert

| Dok. nr. Avsendar | Gbnr Innspel til planarbeidet | Administrasjonen sine vurderingar |
|--|---|--|
| | | Innspelet tas med vidare i planarbeidet. |
| 64 Olav Skeie | 50/1, Nânes, Strondelene Innspel om plassering av flytande hytter for utleige (10x0,5 daa). Området er LNF-område i sjø og vassdrag i gjeldande kommuneplan. Området ligg delvis i aktsemdssone for jord- og flaumskred. | Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar. Innspelet skisserer ikkje areal på land i høve drift og service. VA , parkering og tilkomst / bryggje. <u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet. |
| 63 Hovden hytterservice AS for Marit Taksdal | 3/2, 2/3, Hækni Innspel om vidareføring av to masseuttak. Nordre masseuttak (100 daa) på 3/2 er påbegynt og består delvis av dyrka mark som er tenkt bevart. Søndre masseuttak (95 daa) på 2/3 er ikkje påbegynt. Begge områda er avsett som område for masseuttak i gjeldande kommuneplan. Begge områda ligg delvis innanfor aktsemdsområde for snøskred og flaum. | Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar. Bygland kommuen er rik på mineralressursar. I kommuneplanen sin arealdel ynskjer vi å leggje til rette for langsiktig, forsvarleg og berekraftig ressurstilgang av massar i kommunen til ulike formål. Området er allereie nytta som massetak. <u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet. |
| 62 Olav Skeie | 49/4, Gyskogen Etablering av landbruksveg klasse 7 med to trasear, Åsdølsvadet-Gystøylen (1500m) og Åsdølsvadet-Trettebekken (1800m). Tiltaket forutset samarbeid med, og tilknytting til vegprosjekt på gbnr 49/5. Området er LNF-område i gjeldande kommuneplan. Området ligg delvis innanfor aktsemdsområde for snøskred og flaum. Området ligg i Heiplanen si bygdeutviklingssone. | Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar. Innspelet blir tolka til å vere ønskje om ein veg som skal tene landbruksføremål. Vegar til landbruksføremål kan handsamast etter landbruksvegføresegna så lenge desse ligg i soner avsett til LNF. Dersom vegane er planlagt til andre næringsføremål, så må dei omsøkjast og godkjennast i medhald av plan og bygningslova. Grunneigaren har spela inn mange tiltak på eigedomen sin / område. Det vil kunne vere hendsiktsmessig at han ser samla på alle aktivitetane sine og lagar felles reguleringsplan. <u>Anbefaling</u> Innspelet blir silt bort og blir ikkje greidd ut ytterlegare i det vidare planarbeidet. |
| 60 Knut William Bygland | Utarbeide plankart/temakart over kulturminne inkl infotavlar som vedlegg til kommuneplanen. | Temaplan for kulturminne, Rotfest framtid, omhandlar merking og tilgjengeleggjering av kulturminne i handlingsplanen. Det er viktig å lyfte fram og synleggjere historia til kommunen. Utarbeiding av tematkart for kulturminne inngår ikkje i arbeidet med kommuneplanen. Appen Hidden kan vere eit verktøy i dette arbeidet. |

Oppsummering av innspel til arealdelen med vurdering

Innspel som er anbefalt silt bort, er markert

| Dok. nr. Avsendar | Gbnr Innspel til planarbeidet | Administrasjonen sine vurderingar |
|-------------------------|---|--|
| | | <p><u>Anbefaling</u> Innspelet blir silt bort og blir ikkje greidd ut ytterlegare i det vidare planarbeidet.</p> |
| 59 Siri Lande | 58/5, Grendisheia Vidareføring av tre område for fritidsbustader (96, 18 og 83 daa). Alle tre områda ligg inne som framtidig fritidsbustadområde i gjeldande kommuneplan. Den nordre teigen ligg delvis innanfor aktsemdsområde for snøskred og jord- og flaumskred. | <p>Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar.</p> <p>Dei tre områda ligg nærme sommarbilveg. Det ligg ei hytte innanfor det eine området. Dei to andre områda er ikkje bebygde.</p> <p>Dei føreslåtte områda ligg langsmed skogsbilvegar som normalt ikkje blir brøyta vinterstid. Etablering av felta vil leggje til rette for auka motorferdsel i utmark. Ein ser ikkje at innspelet har løysing i høve vinterparkering. Det er ikkje skissert noko ca tal på nye hytter, og innspelet gir litt lite informasjon jf dei opplysningar ein treng i høve innspelsrettileiaren.</p> <p><u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet.</p> |
| 58 Vigdis Beisland | Endring av føresegn knytt til etablering av stølsbuer, hytter eller driftshytter i LNF-område. Det er ønska ei romslegare praktisering av rettlegeiaren Garden som ressurs. | <p><i>Ikkje markert i kart</i></p> <p>Med bakgrunn i arealstrategien sitt kulepunkt 6, så ligg det til dette for ei nærare vurdering av innspelet.</p> <p>Rettleiaren "Garden som ressurs" handlar om bygningar som er nødvendig for å drifte eigedommen (gi vesentlege inntekter til drifta). Avgjersler etter denne er ikkje enkeltvedtak som kan påklagast. I mange tilfelle kan det oppstå ulike meiningar om kva som er nødvendig bygningsmasse for drifta av garden. I Bygland handlar det ofte om å restaurere, utvide eller setje opp igjen nedfalne støylsbuer.</p> <p>Det vil vere avklårande å konkretisere nærmare kva kriterie som gjeld. Eigedommen sin storleik, andre overordna planar, bygningar sin storleik, rekneskapsplikt, mva-registrering osv er kriteriar som kan vurderast nærmare. For å ikkje undergrave meininga med driftsbygningar, så er det viktig at dette ikkje bli oppfatta som eit lettare alternativ for å få eit fritidsbygg på heia. Bygdeutviklingssona i gjeldande Heieplan har positive kriteriar for å setje opp igjen nedfalne støylsbygningar gjennom ordinær byggjesakshandsaming uavhengig av næringsverksemd eller ikkje.</p> <p><u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet.</p> |
| 57 Knut Sigurd Haugå | 36/4, Haugefossen i Kvålsåna | <p>Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar.</p> |

Oppsummering av innspel til arealdelen med vurdering

Innspel som er anbefalt silt bort, er markert

| Dok. nr. Avsendar | Gbnr Innspel til planarbeidet | Administrasjonen sine vurderingar |
|---|--|---|
| | Etablering av vasskraftverk. Området er LNF-område i gjeldande kommuneplan. | Kommuneplanen sin samfunnsdel skisserer også behovet for å støtte opp om effektiv energibruk. Regionplan Agder 2030 sitt hovudmål er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig region – eit attraktivt lågutsleppssamfunn med gode levekår. Globalt og nasjonalt er det ei gryande energikrise på gang, noko som kan utfordre lokale målsettingar. <u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet. |
| 56 Olav Grendstad | Presteneset og Bygland sentrum Heilårleg moglegheit for camping, alt publikums-, kunde- og turistretta lokalisert på Presteneset | <i>Ikkje markert i kart</i> Innspelet er innanfor planavgrensinga til regplan for Preseteneset og blir teke omsyn til i prosjektet Gnist innovasjonsprosjekt for Presteneset/sentrum. <u>Anbefaling</u> Innspelet blir silt bort og blir ikkje greidd ut ytterlegare i det vidare planarbeidet. |
| 55 Gunn Maren Valborgland Saaghus | 40/1, Grøestjønnin, Eksæ Innspel om tre område til fritidsbustader (10, 3 og 10 daa). Områda er LNF-område i gjeldande kommuneplan. Området ligg i Heiplanen si bygdeutviklingssone. | Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar. Områda ligg ca 1 km frå sommarbilveg og ca 10 km frå busetnad. Det aktuelle området ligg over tregrensa. Der er allereie ei hytte i området. Framstilte areal dekkjer eit relativt lite område som ikkje gir rom for mange hytter. Innspelet skisserer ikkje sommar- og vinterparkering. Plasseringa fremjar auka motorferdsel i utmark vinterstid. Innspelet forklår at areala er tiltenkt familiemedlemmer. Mindre grupperingar av familiehytter på landbrukseigedomar vil på sikt kunne gi ein reduksjon av garden sine samla ressursar. Grunneigedomen har også meir heimlege og vegnære areal som gir høve for bygging av hytter. <u>Anbefaling</u> Innspelet blir silt bort og blir ikkje greidd ut ytterlegare i det vidare planarbeidet. |
| 54 Bjørg Maren Lauvdal | Innspel om etablering av leikeplass/samlingsstad på Bygland, gjerne Presteneset. | <i>Ikkje markert i kart</i> Innspelet er innanfor planavgrensinga til regplan for Preseteneset og blir teke omsyn til i prosjektet Gnist innovasjonsprosjekt for Presteneset/sentrum. <u>Anbefaling</u> Innspelet blir silt bort og blir ikkje greidd ut ytterlegare i det vidare planarbeidet. |

Oppsummering av innspel til arealdelen med vurdering

Innspel som er anbefalt silt bort, er markert

| Dok. nr. Avsendar | Gbnr Innspel til planarbeidet | Administrasjonen sine vurderingar |
|---|---|--|
| 53 Ole Dag Myhrstad | 15/65, Reiårsvatn Endring av føresegn knytt til oppføring av anneks, garasje og liknande på hyttetomt. Området inngår (delvis) i reguleringsplan for Reiårsvatn hyttefelt, planid 199601. Området ligg i Heiplanen si bygdeutviklingssone. | <i>Ikkje markert i kart</i> Føresegnene blir gjennomgått i planarbeidet, og det er eit alternativ å tilføye utfyllande føresegn til gjeldande reguleringsplanar. Spørsmålsstillinga bør takast i samband med ei revidering av gjeldande reguleringsplan gjennom grunneigarane. <u>Anbefaling</u> Innspelet blir silt bort og blir ikkje greidd ut ytterlegare i det vidare planarbeidet. |
| 52 Jan Ove Flodquist | 5/9, Pytten Flytte DNT-hytta Josephsbu til Stikill (Stegil) ved Pytten med mål om å ta omsyn til villreinen. Området ligg i verneplan for vassdrag (Njardarheim) i gjeldande kommuneplan. Området ligg innanfor villreinen sitt leveområde i Heiplanen. | <i>Ikkje markert i kart</i> Plassering av DNT-hytta må bli avklart saman med DNT og SVR. DNT har pågåande ein prosess der dei ser på plassering av hytter og trasear i villreinområda. Kommunen har dialog med SVR og DNT i samband med utarbeiding av sti- og løypeplanen. Innspelet blir teke omsyn i det arbeidet. <u>Anbefaling</u> Innspelet blir silt bort og blir ikkje greidd ut ytterlegare i det vidare planarbeidet. |
| 51 Sigurd Langeid | 3/4, Kattetjønn, Langeid Innspel om område til fritidsbustader (83 daa). Det er i dag 2 hytter i området, med ønskje om eit tillegg på 5 hytter. Området er LNF-område i gjeldande kommuneplan. Området ligg delvis innanfor villreinen sitt leveområde og delvis i bygdeutviklingssona i Heiplanen. | Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar. Området ligg langs turløypa til turisthytta Gaukhei og ca 1 km frå sommarbilveg. Framstilte areal dekkjer eit relativt lite område som ikkje gir rom for mange hytter. Innspel skisserer ikkje sommar – og vinterparkering. Plasseringa fremjar auka motorferdsel i utmark vinterstid. Innspelet forklår at areala er tiltenkt familiemedlemmer. Mindre grupperingar av familiehytter på landbrukseigedomar vil på sikt kunne gi ein reduksjon av garden sine samla ressursar. Langeidsheiane lengre inne har sterke føringar for bruk av areala, og det vil vere ein føremon å leggje framtidige hyttefelt i bygdeutviklingssona. Delen av arealet som ligg i villreinsona, bør bli teke bort. <u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet. |
| 49/50 Siri Lande og Jørund Greibrokk | 58/5, 58/1, Grendi Etablering av nytt bustadområde (102 daa). Området ligg i LNF-område i gjeldande kommuneplan. | Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: To sentra og levande bygdelag. Fleire har tilgang på bustad og bumiljø tilpassa livssituasjonen sin. Kommunal vassleidning går gjennom området. Dette er ein føremon med tanke på framtidig infrastruktur. <u>Anbefaling</u> |

Oppsummering av innspel til arealdelen med vurdering

Innspel som er anbefalt silt bort, er markert

| Dok. nr. Avsendar | Gbnr Innspel til planarbeidet | Administrasjonen sine vurderingar |
|-----------------------|---|---|
| | | Innspelet tas med vidare i planarbeidet. |
| 47 Siri Lande | 57/3, Grendi (eigar: Bygland kommune) Etablering av offentlig båthamn i Grendi sentrum. Området er offentlig eigd. Delar av området er båthamn i strandsoneplanen, KDP9 Grendi, resten av området er LNF-område i sjø og vassdrag. Etablering av G/S-veg frå Grendi til Byglandsfjord. | Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Alle innbyggjarane har moglegheit til å delta på fellesarenaer for kultur, idrett og friluftsliv. Talet på reiser som blir gjort til fots, med sykkel og kollektivt har auka. <u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet. |
| 46/24 Ragnar Lie | 18/12, Reiårsvatn Innspel om å endre formål til LNF spreidd fritidsbusetnad alt. fritidsbusetnad og etablere føresegn om byggegrense langs vasskanten (2 daa). Området er LNF-område i gjeldande kommuneplan. | <i>Ikkje markert i kart</i> Føresegnene blir gjennomgått i planarbeidet, og det er eit alternativ å tilføye utfyllande føresegn til gjeldande reguleringsplanar. Spørsmålsstillinga bør takast i samband med ei revidering av gjeldande reguleringsplan gjennom grunneigarane. <u>Anbefaling</u> Innspelet blir silt bort og blir ikkje greidd ut ytterlegare i det vidare planarbeidet. |
| 44 Johnny Langeid | 2/2, Hækni Innspel om masseuttak (509 daa). Området er avsett som framtidig masseuttak i gjeldande kommuneplan. Området ligg i Heiplanen si bygdeutviklingssone. | Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar. Bygland kommune er rik på mineralressursar. I kommuneplanen sin arealdel ynskjer vi å leggje til rette for langsiktig, forsvarleg og berekraftig ressurstilgang av massar i kommunen til ulike formål. <u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet. |
| 42 Olav Haugetveit | 23/1 og 32/6, Haugetveit og Vikli Innspel om vidareføring av to masseuttak. Masseuttak (29 daa) på 23/1 er påbegynt. Masseuttak (192 daa) på 32/6 er påbegynt. Begge områda er avsett som område for masseuttak i gjeldande kommuneplan. Begge områda ligg i Heiplanen si bygdeutviklingssone. Området på 32/6 ligg innanfor aktsemdsområde for snøskred og jord- og flaumskred. | Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar. Bygland kommune er rik på mineralressursar. I kommuneplanen sin arealdel ynskjer vi å leggje til rette for langsiktig, forsvarleg og berekraftig ressurstilgang av massar i kommunen til ulike formål. Området er allereie nytta som massetak. <u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet. |
| 40 Cato Nilsen | 35/7, Nesmoen Innspel om endring av formål til kombinert formål (bustad og næring) (4 daa). Området er LNF-område i strandsoneplan KDP1 Bygland nord. | Arealet ligg rett inn til Rv 9 og er omkransa av eit regulert massetak. Eigedommen framstår ikkje som godt eigna til bustadføreml. Skytebanen ligg også rett nord for eigedommen. Arealet blir vurdert som eigna som næring/forretning. |

Oppsummering av innspel til arealdelen med vurdering

Innspel som er anbefalt silt bort, er markert

| Dok. nr. Avsendar | Gbnr Innspel til planarbeidet | Administrasjonen sine vurderingar |
|--|---|--|
| | | <p><u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet.</p> |
| 39 Nytt Bygg AS/Knut William Bygland | 35/9, Nesmoen Etablering av nytt bustadområde (7 daa) og tilrettelegging av friområdet i tilknytning til dette. Området ligg i reguleringsplan Nesmoen, planid 198801, med formål offentleg friområde. | <p>Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: To sentra og levande bygdelag. Fleire har tilgang på bustad og bumiljø tilpassa livssituasjonen sin.</p> <p>Bygland kommune er grunneigar i området. Der er ein reguleringsplan frå før av på eigedom. Bygland kommune har ikkje brukt ressursar på å revidere denne planen. Som areal for næringsutvikling, så har Nesmoen eit potensiale. Det er også einaste området kommunen har avsett til næring. Det vil vere ein ekstra dimensjon å ta omsyn til dersom ein skal kombinere bustad- og industrifore mål i nærleiken av kvarandre.</p> <p><u>Anbefaling</u> Innspelet blir silt bort og blir ikkje greidd ut ytterlegare i det vidare planarbeidet.</p> |
| 38 Knut William Bygland | 35/26, 35/35, 35/14, 35/17 og 35/17/0/1-8, Nesmoen Innspel om endring av formål til kombinert formål (fritidsbustad, bustad og næring) (29 daa). Området ligg i reguleringsplan Nesmoen, planid 198801, med formål reiseliv. | <p>Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: To sentra og levande bygdelag. Fleire har tilgang på bustad og bumiljø tilpassa livssituasjonen sin.</p> <p>Arealet er frå før av regulert. Det vil vere naturleg å justere forslaga gjennom ein ordinær revisjon av gjeldande reguleringsplan, evt som eigen detaljplan av grunneigar på dei aktuelle eigedomane.</p> <p><u>Anbefaling</u> Innspelet blir silt bort og blir ikkje greidd ut ytterlegare i det vidare planarbeidet.</p> |
| 37, sjå 81 Reiårsfossen velforening v. Knut William Bygland | 36/2, Storestraumen Innspel om etablering av eit tredje løp for flaumsikring og vasskraftproduksjon. Området er grøntområde og friluftsområde i reguleringsplan for Storestraumen, planid 199801. | <p>Med bakgrunn i arealstrategien sitt kulepunkt 10, så ligg det til rette for ei nærare vurdering av innspelet.</p> <p>Planlagt utløp i sør endar ca 500 meter frå hovudvassinntaket til Bygland vassverk. Det er allereie utfordringar med vasskvaliteten til anlegget. Deknekanalen vil gi endra strømningsforhold i Urdeviki, og vil kunne påverke vasskvaliteten negativt med tanke på partikkelinnhald og fargetal. Det må blir prioritert å ta omsyn til drikkevasskjelda for Byglandsbygda. I dette perspektivet er det ikkje ønskjeleg å etablere kanalen.</p> <p>Optimalt for vassverksdrifta burde nedslagsfeltet til inntaksområdet blitt klausulert for terrengtiltak.</p> <p>Tiltaket vil mykje sannsynleg ha ein positiv effekt på flaumsonehøgden i Åraksfjorden</p> |

Oppsummering av innspel til arealdelen med vurdering

Innspel som er anbefalt silt bort, er markert

| Dok. nr. Avsender | Gbnr Innspel til planarbeidet | Administrasjonen sine vurderingar |
|-------------------------|---|---|
| | | <p>Pågåande reguleringsplanarbeid ved Storstraumen i regi av Statens Vegvesen har fått innspel om det tredje løpet under rv9 ved sluseanlegget.</p> <p><u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet.</p> |
| 36 Jan Erik Uppstad | 8/1, Sordal Innspel om masseuttak (59 daa). Området er avsett som framtidig masseuttak i gjeldande kommuneplan. Området ligg i Heiplanen si bygdeutviklingssone. | <p>Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar.</p> <p>Bygland kommunen er rik på mineralressursar. I kommuneplanen sin arealdel ynskjer vi å leggje til rette for langsiktig, forsvarleg og berekraftig ressurstilgang av massar i kommunen til ulike formål. Området er allereie nytta som massetak.</p> <p><u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet.</p> |
| 34 Bjarne Nordgarden | 27/9, Åraksbø Etablering av bustadområde (2 daa). Området ligg i strandsonen KDP22 Åraksbø som LNF-område, og det ligg i omsynssone for bevaring av kulturmiljø. Området ligg i omsynssone for snøskred. | <p>Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: To sentra og levande bygdelag. Fleire har tilgang på bustad og bumiljø tilpassa livssituasjonen sin.</p> <p>Det vil bli ei utfordring med å levere evt kommunalt vatn til denne tomta.</p> <p><u>Anbefaling</u> Innspelet blir silt bort og blir ikkje greidd ut ytterlegare i det vidare planarbeidet.</p> |
| 33 Torleiv Moy | 12/1, Fisstøyl, Reiårvatn Innspel om etablering av fritidsbustadområde (ca 50 stk hytter) (531 daa). Området ligg som framtidig fritidsbustadområde i gjeldande kommuneplan. | <p>Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar.</p> <p>Området ligg i tilknytning til eksisterande hytteområde ved Reiårvatn.</p> <p>Dei føreslåtte områda ligg langsmed skogsbilvegar som normalt ikkje blir brøytta vinterstid. Etablering av felta vil leggje til rette for auka motorferdsel i utmark dersom vegen i framtida ikkje blir brøytta. Ein ser ikkje at innspelet har løysing i høve vinterparkering. Områda rundt Reiårvatnet er godt etablert med fritidsbustadar.</p> <p><u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet.</p> |
| 31 Per Vassbotn | 21/14, Hovatn | <p>Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar.</p> |

Oppsummering av innspel til arealdelen med vurdering

Innspel som er anbefalt silt bort, er markert

| Dok. nr. Avsendar | Gbnr Innspel til planarbeidet | Administrasjonen sine vurderingar |
|---|---|--|
| | Ønskjer å endre formål for hyttetomt til LNF spreidd fritidsbusetnad/fritidsbusetnad. Starta prosess med kjøp av tomt. Området ligg i LNF-område i gjeldande kommuneplan. | <p>Vurdere å avsette eit større område som LNF spreidd fritidsbusetnad.</p> <p><u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet.</p> |
| 29 Bygland Varmesentral AS v. Inge Kvaale | 36/5, Bygland Etablering av næringsareal (lagring av tømmer) (7 daa). Området er LNF-område i gjeldande kommuneplan. | <p>Mål i samfunnsdelen: Fleire robuste små og mellomstore bedrifter er etablert. Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar.</p> <p>Bygland kommune er grunneigar av det aktuelle området. Det bør bli avklart kva arealet skal bli nytta til. Det vil vere hensiktsmessig å gjennomføre ein KU på arealet med omsyn på eignaheit for eventuell næringsføremål. Tilkomst og nærleik til eksisterande bustadar og idrettsanlegg vil vere viktige moment i konsekvensutgreiinga.</p> <p><u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet.</p> |
| 28 Olav Haugetveit | 23/2, og 33/13, Haugetveit Innspel om endring av føresegn for offentlig område for dagparkering til kombinert dag- og langtidsparkering på bakgrunn av lite bruk i forhold til arealstorleik (1,5 daa). Området er LNF-område i gjeldande kommuneplan. | <p>Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar.</p> <p>Parkeringa er eigd av kommunen og vart opprinneleg bygd for dagparkering.</p> <p><u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet.</p> |
| 26 Olav Skeie | 50/1, Nånes Etablering av næringsareal (båtlager) (2 daa). Området er LNF-område i gjeldande kommuneplan. Området er i aktsemdsområde for snøskred og jord- og flaumskred. | <p>Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Utnytte potensialet i Byglandsfjorden gjennom god forvaltning og tilrettelegging for fastbuande og tilreisande. Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar.</p> <p>Tiltaket er vurdert til å kunne etablere ein teneste som vil vere ny, og som absolutt vil kunne dekkje eit behov som er utvikla i kystnære strøk.</p> <p><u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet.</p> |
| 22 Leiv R. Langerak og Mari Rygg | 54/1, Rakkenes Etablering av fritidsbustadområde (5 stk hytter). Det ligg ei hytte i området i dag. Området er LNF-område i strandsonenplan KDP18 Rakkenes hyttefelt. Området ligg delvis innaf aktsemdsområde for snøskred og flaum. | <p>Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar.</p> <p>Området ligg inntil eksisterande hytteområde på Rakkenes. Tiltaket kan dekkje eit behov for fortetting og tilrettelegging ved å utnytte fjorden betre i reiselivssamanheng.</p> |

Oppsummering av innspel til arealdelen med vurdering

Innspel som er anbefalt silt bort, er markert

| Dok. nr. Avsendar | Gbnr Innspel til planarbeidet | Administrasjonen sine vurderingar |
|---------------------------|---|---|
| | | <p><u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet.</p> |
| 18 Sigrid Greibrokk | 58/2, Grendi Innspel om masseuttak inkl massedeponi (17 daa). Området er LNF-område i gjeldande kommuneplan. | <p>Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar.</p> <p>Bygland kommunen er rik på mineralressursar. I kommuneplanen sin arealdel ynskjer vi å leggje til rette for langsiktig, forsvarleg og berekraftig ressurstilgang av massar i kommunen til ulike formål. Området er allereie nytta som massetak.</p> <p>Det er meldt oppstart av detaljregulering av området.</p> <p><u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet. Dersom planen er vedteke før kommuneplanen sin arealdel er vedteke, så blir ikkje innspelet greidd ut ytterlegare i planarbeidet.</p> |
| 15 Kjersti Plathe | 66/1, Bø Innspel om å flytte området for båthamn/brygge (0,2 daa). Formålet ligg i strandsoneplan KDP11 Horverak Bø. | <p>Formålet i strandsoneplanen i tråd med innspelet. Jf. planprogrammet skal strandsoneplanen bli lagt inn i kommuneplanen sin arealdel.</p> <p><u>Anbefaling</u> Innspelet blir silt bort, men er ivareteke gjennom andre prosessar.</p> |
| 11 Mikkjel Skjevraak | 54/68, Longeraksstrondi Etablering/justering av område for næring (utleiehytter) (34 daa). Nordre del av området er LNF- område og søndre del er område for fritidsbusetnad i gjeldande kommuneplan. | <p>Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel: Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevingar.</p> <p>Det er etablerte hytter i området, og ei fortetting og standardheving er positivt.</p> <p><u>Anbefaling</u> Innspelet tas med vidare i planarbeidet.</p> |
| 8 Vidar Tjelland | Uendra byggehøgder i Åraksfjorden, samt halde på dagens regulering av fjorden i båtsesongen | <p><i>Ikkje markert i kart</i></p> <p>Det skal bli gjennomført flaumsonekartlegging i Åraksfjorden og Byglandsfjorden inkl. Storestraumen i samband med revidering av kommuneplanen sin arealdel. Ønska sommarvasstand er spela inn i revideringa av konsesjonsvilkåra for reguleringar i Otravassdraget.</p> <p><u>Anbefaling</u> Innspelet blir silt bort, men er ivareteke gjennom andre prosessar.</p> |
| 2 Knut William Bygland | <ol style="list-style-type: none"> G/S-veg Bygland-Nesmoen Retardasjonsfelt ved avkøyringa til Nesmoen G/S-veg Ose-Reiårsfossen bru | <p>Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel:</p> <p>Alle innbygarane har moglegheit til å delta på fellesarenaer for kultur, idrett og friluftsliv. Talet på reiser som blir gjort til fots, med sykkel og kollektivt har auka.</p> |

Oppsummering av innspel til arealdelen med vurdering

Innspel som er anbefalt silt bort, er markert

| Dok. nr. Avsender | Gbnr Innspel til planarbeidet | Administrasjonen sine vurderingar |
|----------------------|---|---|
| | <ul style="list-style-type: none">4. Badeplassen på Reiårsfossen camping inkl sanitæranlegg5. Gullsand badebasseng – Næring/fritidsbusednå, strandpromenade, parkering og sanitæranlegg (ikkje lagt ved kartutsnitt) | <ul style="list-style-type: none">1. Vidareført frå gjeldande kommuneplan2. Etablering av retardsjonsfelt - Ikkje ein del av kommuneplanarbeidet3. Vidareført frå gjeldande kommuneplan4. Etablering og drift av sanitæranlegg - Ikkje ein del av kommuneplanarbeidet5. Sjå nr. 39, innspelet gjeld same område <p><u>Anbefaling</u> Innspelet sine pkt 1 og 3 tas med vidare i planarbeidet.</p> |

